

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-C00	19/861

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022

## Restfinansiering/auka kommunalt tilskot "universiell tilkomst til dagsturhytta"

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- **Masfjorden kommune aukar opp finansieringsdelen til spelemiddelprosjektet med kr. 177.366 til kr. 540.457,- slik at prosjektet er fullfinansiert.**
- **Auken vert finansiert med unytta midlar kulturbudsjettet 2021 og/eller kulturfond.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn & fakta

Som ein del av dagsturhytteprosjektet vart det januar 2021 sendt spelemiddelsøknad for «Universell tilkomst til dagsturhytta». Prosjektet inneheldt opparbeiding av 1,5km universelt tilrettelagt turveg frå parkeringsplass og fram til hytta i tillegg til universell tilkomst frå sjø og fram til hytta. Det vart utarbeidd kostnadskalkyle der prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 1 043 500. Tiltaket var fullfinansiert gjennom tilskot frå Vestland fylkeskommune, Gjensidigestiftelsen, dugnadsinnsats frå Kvinge grendalag, kommunale midlar (momsref.) og spelemidlar.

Det vert gitt spelemiddeltilskot på inntil 50% av totale kostnader knytt til etablering av slike turvegar.

Kommunen fekk i februar 2021 avslag på søknaden i Gjensidigestiftelsen. Tilskotssummen det var søkt om der vart erstatta med kommunal ekstraløyving og auka dugnadsdel. Den kommunale løyvinga utgjorde etter dette mva kr 195 000 + tilskot kr 100 000.

Søknaden vart godkjend av Vestland fylkeskommune våren 2021, men grunna for lita tildelingsramme og stort etterslep fekk ikkje tiltaket tilskot i denne omgang. Praxis er at kommunane då fornyar og evt. oppdaterer søknad slik at den vert vurdert ved neste års tildelingar.

I arbeidet med fornying/oppdatering av søknad vart det gjennomført anbudsrunde hausten 2021. To entreprenørar leverte tilbud. Billegaste tilbud var noko høgare enn kostnadskalkylen i første søknad, slik at den kommunale løyvinga i oppdatert søknad utgjer kr 263 091 i mva + kr 100 000 i tilskot, totalt kr 363 091.

For å oppnå fullfinansiering trengst ytterlegare tilskot kr 177 366, slik at samla kommunal eigenkapital vert kr 540 457.

Det trengst stadfesting av kommunalt tilskot før søknadsfrist 15.01.

A. *Finansieringsbehov endra etter gjennomført anbod og at Gjensidigestiftinga ikkje går inn med finansiering i prosjektet.*

### **Formannskapet - 123/2020**

#### **FS - behandling:**

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke etter fullmakt frå kommunestyret 30.11.20.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune løyver kr 100 000 til deltaking i prosjektet med universell tilrettelegging/ tilkomst til dagsturhytta i Masfjorden. Tiltaket vert finansiert frå disposisjonsfond.

B. *Ny kostnadskalkyle desember 2021 etter gjennomført anbodsrunde.*

UNIVERSELL GANGVEG TIL DAGSTURHYTTE OG VIDERE TIL SJØEN MED FLYTEBRYGGE		Pris mask timar 850,00		MATERIALKOSTNAD				KOSTNAD	
POST	BESKRIVELSE	TIMAR DUGNAD	TIMAR MASK	KOSTNAD	MENGE	ENH	ENHPRIS	SUM	ARB. OG MATERIELL
	Bærelag i veg115 meter av stedlig tømmer, hogging	70,0							
	Transportering av tømmer, fordeling langs gangvegen	40,0							
	Utlekking av tømmer, maskinarbeid 8t maskin	80,0							
	Entreprenørarbeid i samsvar med tilbod				1	RS	930 000,00	930 000,00	930 000,00
	Veggrus for grusing av 520 meter traktorveg og parkeringsplass			0,00	350	t	93,00	32 550,00	32 550,00
	Veggrus for grusing av 920 meter gangveg			0,00	300	t	93,00	27 900,00	27 900,00
	Veggrus for grusing av gangveg til sjøen 30 meter			0,00	6	t	93,00	558,00	558,00
	Flytebrygge i tre 2,5 x 8 meter			0,00	1	stk	60 000,00	60 000,00	60 000,00
	Landgang på 8 meter			0,00	1	*	40 000,00	40 000,00	40 000,00
	Utlekking brygge og landgang, leid arbeid		7,0	5950,00	1	RS	25 000,00	25 000,00	30 950,00
	Fundamentering og montering gangbru		10,0	8500,00	1	*	20 000,00	20 000,00	28 500,00
	Medhjelper på dugnad	30,0							
	Uforutsette kostnader			0,00	1	RS	100 000,00	100 000,00	100 000,00
	Administrasjon kost ca 5%			0,00	1	RS	65 000,00	65 000,00	65 000,00
	Alle priser innk. Mva.	140,0		14450,00				1 301 008,00	1 315 458,00
	Sum dugnad 140 t a kr 400,- maskinarb 80 t a 850,-		56 000,0	68 000,0			Sum dugnad		124 000,00

C. *Justert finansieringsplan i spelemiddelsøknad januar 2022*

	Opprinnelige verdier	Justerte verdier
Søknadsbeløp	Kr 500 000	Kr 725 000
Tidligere spillemidler	Kr 0	Kr 0
Tilskuddsberettigede kostnader		Kr 1 439 457
Søknadsbeløp pluss ev. tidligere tildelte midler utgjør 50% av tilskuddsberettigede kostnader		
<b>Finansieringsplan</b>		
Egenkapital	Kr 195 000	Kr 540 457
Lån	Kr 0	Kr
Kommunalt tilskudd	Kr 0	Kr
Fylkeskommunal tilskudd	Kr 50 000	Kr 50 000
Privat tilskudd	Kr 0	Kr
Andre offentlige tilskudd	Kr 172 500	Kr 0
Dugnadsverdi	Kr 126 000	Kr 124 000
<b>Totalsum finansiering</b>	<b>Kr 1 043 500</b>	<b>Kr 1 439 457</b>
<b>Totale kostnader</b>		<b>Kr 1 439 457</b>
<b>Over/Underfinansiering</b>		<b>Kr 0</b>

## Vurdering

Rådmannen meiner det er viktig å få realisert dette tiltaket. I «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024» vert satsing på folkehelse framheva. Dette går mellom anna fram av målsetjingar under pkt 1.3- 1.6. Å tilretteleggja for lågterskeltilbod som er tilgjengeleg for ALLE er avgjerande for å få fleire grupper i fysisk aktivitet. Så langt i planperioden er det få slike tiltak som er realisert.

Dagsturhytta er eit slikt tiltak, og ein suksess. Sidan opninga desember 2020 har hytta hatt rundt 6000 besøk. Det er om lag det dobbelte av det ein forventa. Universell tilkomst vil opna for at ytterlegare nye grupper kan nytta hytta som turmål og sosial møteplass.

I arbeidet mot universell tilkomst til dagsturhytta fekk kommunen klage frå Statsforvaltaren på dispensasjonsvedtak knytt opp mot LNF-føremålet og bygging i strandsona. I kjølvatnet av klagen etablerte kommunen god dialog med statsforvaltar for å kunne imøtekoma klagen og finna løysingar ein kunne einast om. Dette arbeidet førte fram. Statsforvaltaren i Vestland uttalte fylgjande i brev datert 03.05.2021: «Statsforvaltaren meiner det er positivt at kommunen i nokre område legg til rette for universell tilkomst til natur og friluftslivopplevingar. Slik universell utforma tilkomst frå parkering til dagsturhytte er skildra i ny søknad vil vi ikkje motsetje oss han. Tiltaka i strandsona er dessutan vesentleg reduserte frå førre forslag. Etter det vi kan sjå vil det vere mogleg å reversere tiltaka om det skulle verte naudsynt. Det er viktig at flytebrygga vert for ålmenta og at ho er knytt til dagsturhytta.

*Om kommunen vel å gje dispensasjon i saka ber vi om at det vert sett vilkår at flytebrygga skal vere offentleg. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»*

Med bakgrunn i dette rår ein til at kommunen sender inn oppdatert spelemiddelsøknad innan 15.jan 2022 med basis i; Masfjorden kommune stadfestar at ein går inn med **samla kr. 540.457** som eigenkapital til ovannemnde prosjekt, spelemiddelprosjekt – universell gangveg til dagsturhytta og vidare til sjøen med flytebrygge, ref. sak 19/861 og at prosjektet elles er fullfinansiert.

Restfinansiering vert gjort som løyving av unytta midlar kulturbudsjettet 2022/ kulturfond.

### **Konklusjon**

Masfjorden kommune aukar opp finansieringsdelen til spelemiddelprosjektet med kr. 177.366 til kr. 540.457,- slik at prosjektet er fullfinansiert. Auken vert finansiert med unytta midlar kulturbudsjettet 2021/ kulturfond.

### **Formannskapet - 008/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt attende til rådmannen for vidare saksutgreiing med følgjande grunngjeving:  
Sp ønskjer ei oversikt over kor mykje dagsturhytta med tilhøyrande infrastruktur har kosta Masfjorden kommune.

Sp ønskjer ei oversikt og merking på kart over kva dei ulike kommunale tilskota er brukt/tenkt brukt på.

Er same tiltaket søkt på fleire gonger med forskjellig tekst i søknadane? Eksempel: Nærmiljøanlegg og Dagsturhytte i Masfjorden.

Sp er ikkje einig i at ein skal bruke kulturbudsjettet eller kulturfond til dette allereie no. Det må vente til etter søknadsfristen for å søke midlar herifrå er ute slik at alle søknadane kan likebehandlast. Det lokale engasjementet og dugnadsviljen som blir vist i desse prosjekta er svært positive og imponerande. Det set me stor pris på.

Formannskapet samla seg om å endre kulepkt 2 til:

Auken vert finansiert med unytta midlar disposisjonsfondet.

Haugsvær trekk sitt framlegg til vedtak etter endringsframlegget frå eit samla formannskap.

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringa i kulepkt 2 vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

- **Masfjorden kommune aukar opp finansieringsdelen til spelemiddelprosjektet med kr. 177.366 til kr. 540.457,- slik at prosjektet er fullfinansiert.**
- **Auken vert finansiert med unytta midlar disposisjonsfondet.**